



Energi- og klimaplan for Granvin herad

Faktaark – hushald

Dette faktaarket er del av energi- og klimaplan for Granvin herad.

Kommunale energi- og klimaplanar set arbeid som vedrører energi og klima i ein større samanheng.

Med utgangspunkt i status, forventna utvikling og eigne prioriteringar definerer planen mål og tiltak.

Arbeidet med Granvin herad sin energi- og klimaplan har fått stønad frå Enova SF.

Plan og faktaark er utarbeidd i samarbeid med Vestnorsk Enøk, rådgjevningsmiljøet til SFE Kraft AS



Som privatperson er du ein viktig nøkkel til arbeid med energibruk og utsepp. Både i høve til det du gjer direkte og fordi du i stor grad påverkar andre sektorar som transport og tenesteyting. Stikkorda "Bil, Biff og Bustad" blir mykje brukt og viser til at transport, mat og bustad er dei tre viktigaste fokusområda for hushald.

Status og utfordringar

I 2005 representerte hushald 25% av den stasjonære energibruken i Granvin. Ein stor del av dette kan reduserast gjennom enkle tiltak for effektiv energibruk.

Vedfyring er ei stor kjelde til utsepp av CO og svevestøv i heradet. Utskifting av gamle vedovnar gir 80–90% mindre svevestøv og 15–20% betre utnytting av energiinnhald.

Gjennom privatbilisme står hushald for ein viktig del av klimagassutseppet i heradet.

Avfall er eit sentralt område. Kjøp av kvalitetsvarer, kjeldesortering, gjenvinning og redusert bruk av emballasje er viktige stikkord.

Aktuelle tiltak retta mot hushald

- ✓ Haldningsskapande arbeid retta mot born og ungdom.
- ✓ Innsamling av kle for gjenbruk.
- ✓ Lokal bruktmærknad / byttedag for sportsutstyr.
- ✓ Bærekraftig utvikling for energi og klima som tema i grunnskulen.
- ✓ Energifleksibilitet som tema i byggesakshandsaminga.
- ✓ Etablere varmesentralar og varmeleveranse for nye bustadområde.

- ✓ Etablere "pendlarlag" for meir kameratkøyring.
- ✓ Utvikle bustadområde med lågenergibustadar og "passivhus"
- ✓ Reservera seg mot uadressert post og reklame, merkja postkassa eller reservera seg på: www.brreg.no

Dette kan du bidra med:

Reduser energibruken:

- ✓ Slå av lys og omnar
- ✓ Bruk energieffektive produkt
- ✓ Bruk sparepærer og sparedusj
- ✓ Bruk varmpumpe eller biobrensel

Tenk på klima:

- ✓ Gå og sykle i nærmiljøet
- ✓ Reis kollektivt på lengre reiser
- ✓ Handle lokalt, gjerne økologisk

Unngå avfall:

- ✓ Tenk gjenbruk og avfallsreduksjon
- ✓ Kjeldesorter og komposter matavfall
- ✓ Unngå produkt med mykje emballasje